



Aurland/ Geiranger, 24. februar 2017.

## **Nye rammevilkår for cruisetrafikken og andre på verdsarvfjordane - uttale frå Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap.**

### **Innleiing**

Vestnorsk fjordlandskap vart innskrive på UNESCO si verdsarvliste i juli 2005 som Noreg sin fyrste og til no, einaste naturarv. Verdsarvstatusen er fyrst og fremst tufta på geologi og geologiske prosessar over millionar av år, men busetnad og menneskeleg aktivitet i fortid og notid tilfører naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og forsterkar statusen.

UNESCO sin Verdsarvkomite slo vidare fast i sitt vedtak : ”*Vestnorsk fjordlandskap er klassiske, fortrinnsvis velutviklede fjorder og anses å være typelokalitet for verdens fjordlandskap. Området framviser alle elementer av landformer knyttet til de indre delene av to av verdens lengste og dypeste fjorder.*”

*Nærøyfjord- og Geirangerfjordområdene regnes blant de aller vakreste fjordlandskapene på kloden.”*

Verdsarvlista utgjer p.t. 1052 område/ objekt. Av desse er igjen berre 49 marine område med framifrå universelle verdiar. Vestnorsk fjordlandskap er ein av desse marine juvelane.

### **Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap som vart etablert i januar 2006 har som si fremste oppgåve å arbeide for ivaretaking og fremjing av verdsarvstatusen tildelt Nærøyfjord- og Geirangerfjordområdet i fellesskap.**

Rådet er samansett av ordførarane frå Stranda, Norddal, Aurland, Vik, Voss og Lærdal kommunar, fylkesordførarane frå Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Hordaland samt fylkesmennene frå dei før nemnde fylka. Miljødirektoratet, Riksantikvaren og Klima- og Miljødepartementet har møte – og talerett. Leiar og nestleiarvervet vekslar med 2 års intervall mellom Nærøyfjord - og Geirangerfjordområdet.

2017 er FN sitt internasjonale år for berekraftig turisme for utvikling.

### **Uttale**

Verdsarvrådet har med det som er nemnt framom fylgjande uttale til det som ligg føre:

Reiselivet er av UNESCO vurdert som ein av dei største trugslane mot verdsarven verda over, men er også største moglegheit for verdiskaping i og inntil verdsarvområde. Cruise- og fjordcruiseindustrien er og vil frametter vere viktig for verdiskapinga i regionen. Sagt det lyt vi med både grunnlag i venta vekst<sup>1</sup> og medviten tru på eigne kvalitetar ta ei mykje tydlegare rolle i å styre utviklinga i ynskt lei. Reiarlag og operatørar skal framleis vere gode samarbeidspartar men

---

<sup>1</sup> Prognose utvikling for Vestlandsregionen 2015-2041: Frå 1 800 000 – 3 600 000 dagpassasjerar. (Kjelde: Cruisestrategi for Vestlandet.)

kan ikkje ha regien på utviklinga. Omgrep som *berekraftig utvikling* og *berekraftige reisemål* må innan 2020 ha anna innhald enn ord og tankar.

Forvaltninga av verdsarvfjordane – både land og marin del - er fordelt på fleire styresmakter som har sitt avgrensa ansvar for sin sektor/ sitt område. Eit bokstaveleg tala fragmentert forvaltningsmessig landskap vert opplevd som svært utfordrande i høve til å ivareta ei heilskapeleg og langsiktig utvikling i verdsarvområdet.

Verdsarvstatuen er ein framifrå ressurs og kjelde til positiv utvikling og verdiskaping. Vi meiner det ligg store mogelegheiter i nytte verdsarvfjordane og statusen som òg aktiv drivar i ei klima – og miljøvenleg utvikling. Selskapet The Fjords si sjølvgåande og medvitne satsing og innfasing av den nye hybridbåten ”*Vision of the Fjords*” er eit godt døme på dette.

Vi er i utgangspunktet samde i at ein skal greie ut/ arbeide for nasjonale ordningar, men skal det bli meir enn ord og tankar lyt ein ta ein posisjon, tore byrje ein stad for å kome i gang, prøve ut og erfare. Start difor i verdsarvfjordane men ha nasjonale ordningar som ambisjon og målsetjing.

Det ligg vel til rette for å nytte Geirangerfjorden og Aurlands-/Nærøyfjorden som forsøksfelt/ pilotar for utprøving av eit regime der reiarlaga, for å få tilgang til fjordane, må konkurrere om å vere best på miljø – og lokal verdiskaping.

Oppsummert lyt framtidig forvaltning av og rammevilkår for fartøy i verdsarvfjordane vere tufta på felles mål om å vere best på:

- Klima og miljø.
- Lokale verdiskaping.
- Framifrå opplevingar for gjestene våre.
- Positive og levelege kvardagar for innbyggerane.

Dette må på kort sikt leie til eit regime på minimum regionalt nivå som har naudsynt mandat til å:

- Avgrense tilgang, fastsetje tolegrense/ makstal for kor mange fartøy det er plass til i fjordane på same tid og som tek omsyn til andre brukargrupper på og ved fjordane.
- Fastsetje mål om (*innan 2025?*) null klima- og miljøskadeleg utslepp til sjø og luft, inkl. visuell og audio.
- Fastsetje av fartsgrenser som hindrar washing/ erosjon.
- Pålegge overvaking/ målingar, bygge kunnskap om status og utvikling.
- Etablere ein norsk versjon av Alaskamodellen: 10-årig avtale om tilgang til verdsarvfjordane.

Leiar Verdsarvrådet

Nestleiar Verdsarvrådet

Hans Erik Ringkjøb  
sign.

Jan Ove Tryggestad  
sign.

**Kopi:**

- Kommunane Aurland, Vik, Voss , Lærdal, Stranda og Norrdal.
- Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Hordaland og Møre og Romsdal.
- Miljødirektoratet.